

B1



Lindås kommune
 Att. Byggesaksavdelinga
 postmottak@lindas.kommune.no

Telefon
 +47 56 57 00 70
Fax
 +47 56 57 00 71
E-postadresse
 post@abo-ark.no
Webadresse
 www.abo-ark.no
Postadresse
 Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
 Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 19.09.2016

HOPSDALSVEGEN 77 . GNR. 193, BNR. 2
SØKNAD OM OPPFØRING AV ANNEKSBYGG I TILKYTNING TIL VÅNINGSHUS.

Viser til vedlagte søknad om oppføring av ny anneksbygning.

Det vert søkt i dispensasjon frå:

- Kommuneplanens arealdel. Området er disponert til LNF-føremål med særleg hensyn til landbruk
- Føresegnene til kommuneplanens arealdel. Søknaden gjeld samla bruksareal av bustadhus og uthus på garden.

Grunngjevinga for søknaden er som følgjer:

Våningshuset er relativt lite og høver lite for familie med born og med plass/rom for evt. kjende eller familie som vitjar garden.

Tiltakshavar har planar om å føre opp nytt bustadbygg på eigedommen gnr. 193, bnr. 10 som ligg nær gardstunet og som tiltakshavar eig. Eit nytt bustadhus vil kunne fylle krava til ønskjeleg standard og storleik. Søknadsprosess for eit slikt nybygg er enno ikkje starta opp.

Tiltakshavar/grunneigar vil difor byggje ein frittstående anneksbygning som midlertidig vert nytta til bustadføremål. Når evt. ny bustad er oppført på nemnde eigedom, vil omsøkte anneksbygg verta omdisponert til uthus tilknytta gårdsdrifta.

Ein dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen vil ikkje sette til side noko ved gjeldande arealplan og føresegnene til planen. Ein dispensasjon vil føre til ei styrking av grunnlaget for busetting og drift av garden.

Slik vi ser det vil føremonene med å gje dispensasjon langt overstige evt. ulemper med tiltaket. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket skal vera til noko form for sjenanse eller ulemper for naboane til eigedomen.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Bjørn-Atle Drange
 Bjørn-Atle Drange
 [Saksbehandler]